

Radøy kommune

Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
059/2017	Kommunestyret i Radøy	PS	07.12.2017

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Anne Dahle Austrheim	17/1966	17/14599

Tilsyn med sal av tobakkevarer - gebyr for salsstader

Saksopplysingar:

Bakgrunn

Med verknad frå 21.09.2017 er det gjort endringar i forskrift til tobakkskadelova. Kommunen er pålagt å ha tilsynsansvar for dei som sel tobakksvarer. Forskrifta opnar og opp for ei kommunal avgift for å dekke kostnader med tilsynet.

Kommunane skal frå 01.01.2018 føra tilsyn med registrerte salsstader av tobakksvarer. Tilsynsplikta er ei ny registreringsordning for sal av tobakksvarer og vart vedteke i Stortinget 21.06.17, jfr. Kap 2 i Lov om vern av tobakksskader (Tobakksskadelova), <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1973-03-09-14?q=tobakksskadeloven>

Tilsynet inneber at kommunen skal føre kontroll med registrerte salsstader av tobakksvarer og tobakkssurrogater som e-sigarettar og urtesnus. Tilsynet skal særleg omfatta kontroll med at slike varer ikkje vert seld til mindreårige og krav til internkontroll.

Kommunen kan krevje ei årleg tilsynsavgift frå salsstader av tobakksvarer og tobakkssurogater til forbrukar på kr. 4.500,-. Frå midlertidige salstader kan ein krevje ei årleg tilsynsavgift på kr. 1.200,-, jfr. Kap 7 Avgifter § 24, i Forskrift om registrering av og tilsyn med sal av tobakksvarer, <https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2017-09-21-1446>

Det er opp til den einskilde kommune kva sats ein vil velje opp til maksimalsummen. Vi kan og la vere å ta avgift.

Vurdering

Folkehelse

Forskrifta er til tobakkskadelova og føremålet med denne lova er skildra slik i lovteksten:

Formålet med denne lov er å begrense de helseskader som bruk av tobakksvarer medfører gjennom å redusere forbruket og på sikt bidra til å oppnå et tobakksfritt samfunn. Videre regulerer loven tiltak for å forebygge at barn og unge begynner å bruke tobakksvarer fremme at de som allerede bruker tobakksvarer slutter og beskytte befolkningen mot eksponering for tobakksrøyk.

Føremålet med forskrifta og kommunen si plikt til å kontrollere denne, er å begrense helseskadane av bruk av tobakk. Dette skal gjerast gjennom å sikre at omsetnaden av tobakksvarer og tobakkssurrogat føregår i tråd med tobakkskadelova sine bestemmelsar. Det er særleg understreka ansvaret for å kontrollere at tobakksvarer ikkje vert seld til mindreårige.

I løpet av hausten 2017, skal alle utsalstadar registrere seg i eit sentralt register. Frå 2018 skal

kommunane kontrollere utsalstidane.

Økonomi

Det skal først tilsyn med salsstadene så ofte som behovet tilseier og kvar stad skal kontrollerast minst ein gang per år. Det skal årleg utførast minst to ganger så mange tilsyn som det er salsstader i kommunen. Ein planlegg at denne kontrollfunksjonen skal leggjast til alkoholkontrollørane for Nordhordland og Gulen.

Ved gjennomføring av kontrollar vil kommunen blant anna få utgifter til opplæring, lønn, og reiseutgifter til kontrollørane. Det er vanskeleg å få oversyn over dei faktiske kostnadane før ein har starta med tilsyn og føremålet med avgifta er at næringa sjølv skal bere kostandane med tilsynet. Rådmannen foreslår å setja avgifta til 3 000 kr i året for utsalstader og 600 kr for mellombels salstad.

Konklusjon

Rådmannen tilrår at kommunen krev ei årleg tilsynsavgift på kr. 3.000,- for salsstader for tobakksvarer og tobakksurrogater til forbrukar.

Rådmannen tilrår at kommunen krev ei årleg tilsynsavgift på kr. 600,- for mellombelse salsstader for tobakksvarer.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Radøy kommunestyre fastset satsane for avgift for utsalstader for tobakksvarer slik:

1. Årleg tilsynsavgift på kr. 3.000,- for salsstader for tobakksvarer og tobakksurrogater til forbrukar.
2. Årleg tilsynsavgift på kr. 600,-for mellombels salstad for tobakksvarer

Kommunestyret i Radøy - 059/2017

KS - handsaming:

David Pletten Aasgard (KrF) reiste spørsmål om han er ugild i denne saka, ettersom han er i nær familie med nokon som driv utsal.

Kommunestyret erklærte Pletten Aasgard gild i saka.

Kommunestyret vedtok samrøystes rådmannen sitt framlegg til vedtak.

KS - vedtak:

Radøy kommunestyre fastset satsane for avgift for utsalstader for tobakksvarer slik:

1. Årleg tilsynsavgift på kr. 3.000,- for salsstader for tobakksvarer og tobakksurrogater til forbrukar.
2. Årleg tilsynsavgift på kr. 600,- for mellombels salstad for tobakksvarer

Vedlegg:

Nytt tilsynsansvar for landets kommuner - tilsyn med stedlig..